

Kvifor er Anna slem?

Rønnaug Kleiva og Inger Lise Belsvik:

IKKJE GLØYM Å KLAPPE

KATTEN

Samlaget

58 sider

Kr. 168,-

Barnebok

Anna gjer vonde ting, men har det òg vondt inne i seg.

Dette er ei bok om moral – og med moral. Om kva som er gale og kva som er rett, og at det løyner seg noko sakk Annas opprivande måte å vera på. Ho seier stygge ting, gjer mor lei seg, klipper håret av lillesøster, drukkner katten og sager ned trea rundt huset. Anna gjer vonde ting, men ikkje fordi ho er ei vond jente. Ho er berre sjalu. Sjalu på lillesøster, som får all kjærleiken til mor. Sjalu på dei andre i huset, når alle gløymmer at ho òg treng at nokon bryr seg om henne.

Ein dag følgjer Anna etter ei dame, som ho meiner har ein nase som liknar på den ho sjølv har. Ho ringer på døra, og blir kjend med denne dama, som er målar. Frå den dagen merkar mor at den strie og vonde jenta hennar ikkje er så vond som før.

Anna opplever at nokon gir henne ros, bryr seg om henne og seier at ho er ein god unge.

Rønnaug Kleiva skriv lett og uvanleg på same tid. Knapp og direkte i formen, men òg lyrisk og vart. Inger Lise Belsvik er ein spennande teknar, som varierer uttrykk og form gjennom boka. På det viset skapar Kleiva og Belsvik ei bok som er kvass og vår på same tid.



Ola By Rise